

Referat
frå
utdanningsutvalet

Møtestad: Møtet gjekk på Zoom
Tid: 20.05.2020 kl. 09:00 – 11.00

Fylgjande faste medlemmer møte:

Turid Borgen
Emilie Christensen
Astrid Birgitte Eggen
Eira Aas Eide
Rune Giske
Anne Helliesen
Philip Lundberg Jamissen
Jan Terje Kvaløy
Viktoria Opsahl
Aslaug Mikkelsen
Björg Frøysland Oftedal
Brita Strand Rangnes
Marianne Skogerbø
Olav Magne Sydnes
Leith Symington

Fylgjande observatørar møte:

Gitte Kolstrup
Frode Leidland

Frå administrasjonen møte:

Veslemøy Hagen, Linn Bakken Bertelsen, Kristofer Henrichsen,
Ingrid Stokkeland og Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen.

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU 09/20	Godkjenning av innkalling		
UU 10/20	Godkjenning av møtebok 5. februar 2020		19/07149-15
UU 11/20	Kvalitet i studieprogram, akkreditering av ph.d.-program i utdanningsvitenskap og humaniora		20/03355-1
UU 12/20	Kvalitet i studieprogram - periodisk programevaluering 2019		18/02604-35
UU 13/20	Revisjon av forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger		20/03410-8
UU 14/20	Utfyllende opptaksregler for Norsk Språk og kultur for internasjonale studenter (NORINT)		20/05240-3
UU 15/20	Kvalitet i studieprogram, dekanvedtak om endring, etablering og nedlegging av studier.		16/00884-15
UU 16/20	Orienteringer om vedtak/bestemmelser på fullmakt		20/05398-1
UU 17/20	Eventuelt		
UU 18/20	Kvalitetssystemet ved UiS		19/04467-7
UU 19/20	Prolongering av dei sentrale utvala sin periode		19/07149-16

Stavanger, 20.05.2020

UU 09/20 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga vart godkjend.

UU 10/20 Godkjenning av møtebok 5. februar 2020

Vedtak:

Møteboka vart godkjend.

UU 11/20 Kvalitet i studieprogram, akkreditering av ph.d.-program i utdanningsvitenskap og humaniora

Utvalsleiar innleia. Saka er godt gjennomarbeidd. To program blir slegne saman og skal dekkja heile studieporteføljen i fakultetet. Søknaden er tydeleg på at programmet vil tilfredsstillast krav til robusthet. 39 stipendiatar vil vera knytte til programmet.

Utvalet merka seg at der er stor ulikskap på dei to fagfellevurderingane når det gjeld innspel og kommentarar. Likevel er der mange gode kommentarar frå fagfellene, og utvalet slutta seg til at fakultetet arbeida vidare med desse innspela.

Vedtak:

Utdanningsutvalget akkrediterar ph.d.-program i utdanningsvitenskap og humaniora. Programmet fører fram til graden philosophiae doctor (ph.d.). Engelsk navn på programmet er PhD Programme in Educational Sciences and Humanities.

UU 12/20 Kvalitet i studieprogram - periodisk programevaluering 2019

Utvalsleiar innleia og la til som relevant for denne saka at det som gjeld hovudliner i akkreditering og periodisk evaluering vil verta ståande i det nye kvalitetssystemet.

Komiteen som evaluerte bachelorprogram i ingeniørfag, automatisering og elektronikkdesign hadde mange merknader. Utvalsleiar merka seg at komiteen har gjort ein grundig jobb, men at det også betyr at fakultetet har ein del å gjera i den vidare oppfylgginga i programmet.

Ein av studentrepresentantane ga ros til komiteen som har evaluert masterprogram i marine offshore teknologi. Komiteen har kommentert det som studentane ved studiet erfarer.

Prodekan for utdanning ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet kommenterte observasjonen frå studentrepresentanten og la til at ein brukar desse evalueringane også inn mot andre program.

Representant frå det vitenskaplege personalet meinte at der er ei utfordring som truleg går igjen i fleire masterstudier, knytt til veiledning, der studentane i for stor grad er overletne til seg sjølve.

Utvalsleiar heldt fram at veiledningsdelen i eit masterprogram bør kvalitetssikrast på same måten som den øvrige undervisinga. Ein er tydeleg på dette i ph.d.-programma, men kanskje ikkje like mykje i master- og bachelorprogramma.

Utvalseiar oppsummerte saka med å merka at alle programma har vore gjennom ei grundig evaluering. Utvalet ber fakultetet om å fylgja opp dei kommentarane som er gitt. Ho takka komiteane for godt gjennomført arbeid.

Utvalseiar kommenterte til slutt at ein nå har prøvd å ta bort omgrepet tilsyn i desse sakene. Omgrepet blir ikkje brukt i kvalitetssystemet. Det er viktig å skilja mellom det som er tilsyn utanfrå og våre egne evalueringar.

Vedtak:

På grunnlag av rapportane frå dei sakkyndige komitéane tilrådningar frå dekan reakkrediterar utdanningsutvalet fylgjande studieprogram ved det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet:

- Bachelorprogram i ingeniørfag, automatisering og elektronikkdesign
- Masterprogram i marin- og offshoreteknologi
- Masterprogram i risikostyring

Utvalet ber fakultetet om å syta for at evalueringane vert fylgde opp.

Utvalet takkar komitéane og andre som har medverka for godt gjennomført arbeid.

UU 13/20 Revisjon av forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger

Utvalseiar innleia. Det var trong for å revidera bachelorskrifta, samtidig som også eksamensforskrifta måtte gjennomgåast. I prosessen vart bachelorforskrifta innarbeidd i eksamensforskrifta. Som ein konsekvens av pandemien og smitteverntiltak har det har vore nødvendig å gjera vedtak som har fått konsekvensar for den forskrifta som nå vert lagt fram for utvalet.

Utvalseiar merka at der er ein feil i § 3.3 om utdanningsplan i den siste redigeringa. Det er gjenteke to gonger at utdanningsplanen er ein kontrakt mellom student og UiS. Dette vil verta retta opp før forskrifta vert publisert.

Utdanningsdirektøren la til at studentombodet ynskjer at punktet om utdanningsplan er meir detaljert. Administrasjonen skal laga prosedyrer for utarbeiding av utdanningsplan.

Diskusjonen i møtet dreia seg om fylgjande, knytt til § 2-2 om bachelorgrad:

- Eitt av utvalsmedlemene ville ha med at for å få ein grad ved UiS skal 60 stp skal avleggjast ved institusjonen.
- Studentrepresentant etterspurde definisjon på fordjuping.
- Definisjonen av sjølvstendig arbeid bør vera tydelegare.
- Nasjonale rammeplanar går føre vår forskrift. 2.2 kan difor vera forvirrande slik den står. Bør 1.3 gjentakast, på alle relevante punkt?
- Både i høyringa og i møtet var der kommentarar til 2-2.2 c) Examen philosophicum og Examen facultatum eller klart definerte elementer i vitenskapsteori, entreprenørskap/innovasjon og etikk. Formuleringa her kan reviderast for å verta tydelegare. Utvalseiar la til at der skal vera element av vitenskapsteori, entreprenørskap og etikk, og at dette kan ha form av exphil og exfac. Me ynskjer ikkje å ha bachelorprogram som ikkje inneheld vitenskapshistorie.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tilrår styret å vedta oppheving av forskrift om graden bachelor og vedta forskrift om studier og eksamen med dei endringane som er lagt fram av utdanningsdirektøren, og dei forslaga til endringar som kom fram i møtet. Forskrifta trer i kraft frå og med styret har gjort vedtak i saka.

UU 14/20 Utfyllende opptaksregler for Norsk Språk og kultur for internasjonale studenter (NORINT)

Utvalseiar innleia kort.

Ingen ba om ordet i saka.

Vedtak:

Utdanningsutvalget godkjenner utfyllande opptaksreglar for årsstudiet Norsk språk og kultur for internasjonale studentar.

UU 15/20 Kvalitet i studieprogram, dekanvedtak om endring, etablering og nedlegging av studier.

Utvalseiar innleia. Tollutdanning er eit oppdrag frå nasjonale myndigheter. Vidare hadde ho nokre kommentarar til namna én helse og forretningsjuss som er føreslegne for to av programma.

Prodekan for utdanning ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet svara at én helse er omsett frå One Health, som er eit internasjonalt namn på dette fagområdet, men la til at det er ein arbeidstittel.

Prodekan for utdanning ved Handelshøgskolen UiS sa at forretningsjuss er dekkjande for fag som dei har på fakultetet. Det har også dekkjing i ordlista og er godt grunngjeve. Det skal vera ein master som er ulik profesjonsstudiet i juss. Ferdige kandidatar kan kalla seg juristar, men får ikkje advokatbevilling.

Utvalseiar opplyste om at det i samband med høyring om ny uh-lov blir diskutert om gradsforskrifta skal verta ståande. I høyringssvaret sitt går UiS inn for at denne forskrifta skal bort.

Utdanningsdirektøren minna om at denne saka er ein del av årshjulet i kvalitetssystemet. Til hausten vil det koma søknader frå fakulteta om akkreditering, etablering og nedleggjing av studier.

Utvalseiar la til at fakulteta ikkje må bruka mykje ressuser på å greia ut studier som ikkje vil vera berekraftige for institusjonen. Utvikling av nye studier må gå inn i universitetet sin strategi.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 16/20 Orienteringer om vedtak/bestemmelser på fullmakt

Utdanningsdirektøren innleia og orienterte. Dei avgjerdene som er tekne knytt til studieadministrasjon og endringar i lokale forskrifter har vorte loggførde. Ho orienterte om dei ulike vedtaka. Desse var gjort greie for i saksframlegget.

Utvalseiar berømna utdanningsdirektøren og sakshandsamarane som har gjort eit stort arbeid i denne perioden, samtidig med ordinært saksarbeid.

Dekan ved Det samfunnsvitenskaplege fakultetet slutta seg til å berømna utdanningsavdelinga for fleksibilitet og arbeidskapasitet, som har gitt god støtte til fakulteta. Ho la til at all studentutveksling er avlyst til hausten og spurde om det er gjort nokre vurderingar om Norden kan vera unnateke, og om dette også kan gjelda for institusjonar som startar semesteret seinare.

Utvallsleiar svarta at i bestemmelsen er det sagt «i hovedsak», for å kunna gi rom for å vurdera enkelttilfelle. Det vil kunna finnast unntak.

Utdanningsdirektøren la til at UHR har også fatta eit liknande vedtak for sine medlemmer. Utdanningsutvalet må tenkja på lik handsaming for alle studentar. Ein må ta omsyn til helsesituasjonen og reiseråd frå regjeringa. Det er opp til dekan, men det kan ikkje bety at f.eks. ti studentar reiser til same institusjonen. Fakulteta må også ta omsyn til at smittesituasjonen kan endra seg og forverra seg igjen.

Det vart frå eitt av fakulteta kommentert at unntaksvedtak i nokre høve har vorte kjent gjennom media før det har gått formell informasjon til fakulteta, og at dette vert opplevd som uheldig.

Utvallsleiar svarta at det er eit veldig stort medietrykk. Ho tek seg av dei fleste henvendelsane frå media. Ein må ha respekt for at institusjonsleiinga må kunna uttala seg til media. Ho meinte det ikkje er grunn til uro dersom den informasjonen som går til media er den same som er til fakulteta, og er godt forankra i diskusjonar og vedtak.

Den vidare samtalen dreia seg om haustsemesteret med oppstart og undervising. Utvallsleiar orienterte om at rektor har sett ned ei gruppe som arbeidar med dette. Grappa er leia av professor Helge Bøvik Larsen. Dei rapporterer til henne kvar veke og det vert teke avgjerder kvar veke. Det må bestemast kva studentgrupper som skal prioriterast til å vera på campus, og kven som skal ha digital undervising. Det vert arbeidd med to til tre senarier. Det vil koma vedtak om dette i månadsskiftet mai-juni. Det er gitt to føringar: Å prioritera fyrsteårsstudentar og studentar i risikogrupper. Det hastar med å få dette på plass.

Det er utfordringar knytta til digital undervising, t.d. for kunstoffag. Romkapasitet til store studentgrupper er også ei utfordring.

Eit anna spørsmål var knytt til opplæring i digitale verktøy og arbeidsformer. Dette er i fylgje utvallsleiar diskutert i den institusjonelle leiargruppa. Det må leggjast opp til kurs og kollegaveiledning på digital didaktisk kompetanse. Dette krev svært stor kapasitet. Eitt institutt på kvart fakultet vil gjennomgå opplæring som så igjen blir rulla ut. I tillegg skal det vera opplæring i kvalitetssystemet. Det er trong for å skaffa eit kunnskapsgrunnlag for korleis studentane har erfart dette. Opplæringsprogrammet må organiserast på fakulteta med utgangspunkt i dei ulike kunnskapsområda.

Der er ein del trøtthet nå etter to intense månader med nye og annleis arbeidsforhold i undervising. Der er behov for kunnskap om korleis det har virka fagleg, ikkje berre kor tilfredse studentane er. All organisering må gjerast med utgangspunkt i nærleik til studentane. Studentane må involverast i vidareutvikling av det digitale undervisingstilbodet.

Vedtak:

Utdanningsutvalget tek saka til orientering.

UU 17/20 Eventuelt

Der var ingen saker til eventuelt.

Felles møte utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet

Møtet heldt fram med eit felles møte med læringsmiljøutvalet kl 11.30 – 14.00.

KU 05/20 Informasjon frå prorektor

Prorektor og utvalsleiar takka fakulteta for innmelding av forslag til fleire studieplasser, og for stort arbeid med søknad til Diku. Det står att å sjå om Kunnskapsdepartementet vil øyremerkja til spesielle studier eller om dei vil overlata til institusjonen å bestemma.

Vedtak:

Utvala tek saka til orientering.

KU 06/20 Universitetet sin strategiplan 2020 – 2030

Utvalsleiar presenterte arbeidet med utvikling av strategidokumentet. Det vert overordna arbeidd med ambisjonane. Ein er godt i rute med arbeidet. Styresak til møtet i juni er under førebuing. Etter det vil det sendast ut ei høyring i institusjonen. Der er seks arbeidsgruppe, læringsmiljø og arbeidsmiljø er to av dei.

Vedtak:

Utvala tek informasjonen til orientering, og ber om at drøftingsresultata vert tekne med i den vidare prosessen.

KU 07/20 Kvalitetssystemet ved UiS

Utvalsleiar innleia. Framlegg til vedtak i saka er å tilrå at systemet vert godkjent. Til saka er det lagt ved to dokument. Det er sjølve systemet som skal vedtakast. Me er nå i ein fase der me får innspel frå organisasjonen gjennom sak på nettet. Dette vil verta teke med i det vidare arbeidet. Utvalsleiar ga ros til mange som har arbeidd med kvalitetssystemet.

Vidare ba ho om at eventuelle forslag til formuleringar til kvalitetssystemet vert sende inn til sakshandsamarane.

Utvalet berømna eit godt og omfattande arbeid som er gjort på kort tid.

Samtalen i saka dreia seg mellom anna om fylgjande:

Samansetjing av sentrale utval

Studentrepresentant spurde om dersom representantar frå UiS DC skal inn i utvala, vil dette få konsekvensar for studentrepresentasjonen.

Fakultetsstruktur, studieporteføljeutval og programråd

Prodekan for utdanning ved Det helsevitenskaplege fakultetet meinte at forslaget til kvalitetssystem ikkje tek omsyn til at nokre fakultet er organisert i matrise, med faglege avdelingar og ikkje institutt. Difor er det uklart kven som ved t.d. HV-fakultetet skal ha det ansvaret som er beskrive i systemet. Der var også kommentarar til ordninga med studieporteføljeutval, der enkelte meinte at desse kan verta for store ved fakultet med mange studieprogram. Enkelte meinte av studieporteføljeutvalet ikkje skal vera valfritt, av di dei er viktige utval på fakultetet. Det vart etterlyst ei presisering og klargjering av intensjon med studieporteføljeutval.

Dekan sitt mynde til å etablere studier, 30 eller 60 studiepoeng

Fleire utvalsmedlemer frå fakulteta var kritiske til å endra grensa for dekanen sin myndighet til å etablere studier frå 60 til 30 studiepoeng.

Rapportering og publisering

Det vart uttrykt uro for at omfanget av rapportering kan verta for stort. Ein meinte at det kan gå ut over forskning og undervising, og at det kan verta vanskeleg å rekruttera studieprogramleiarar. Det kom også kristiske innvendigar til at rapportar på emnenivå skal publiserast på uis.no.

Programrevisjon

I fylgje fleire representantar vil frist for årleg programrevisjon 1. november vera for tidleg, serleg komande haustsemester pga stort omfang av mastersensur.

Utvalseleiar takka for mange og verdifulle bidrag og la til at alt som blir kommentert blir vurdert. Ho ga til slutt nokre overordna vurderingar:

- Samansetjinga av dei to utvala skal vurderast til hausten. Uh-lova regulerar samansetjinga av læringsmiljøutvalet.
- Fakulteta sin autonomi og institusjonsnivået: Fakulteta har utvikla stor autonomi samtidig som regelverket er lagt til institusjonsnivået. Fakulteta ved UiS har relativt stor beslutningsmyndighet.
- Grensa for dekanen sin myndighet for etablering av studier skal vurderast på nytt.
- Utval og råd på fakultetsnivået skal operera på fullmakt frå fakultetsstyret. Me ynskjer ikkje å formulera detaljert korleis dette skal vera.
- Det må vurderast kva som skal offentleggjerast og ikkje. Noko må offentleggjerast. Men det må vurderast om det som ligg på emnenivå skal offentleggjerast.
- Ho var einig i at det som står om avdelingar ikkje kan stå slik det er formulert nå. Spørsmålet er om det kan skrivast inn kva som skal liggja under fakultetsnivået. I det vidare kan ein sjå på tekstane der begge deler inngår og laga ein rundare tekst for avdelingar.
- Systemet inneber mykje rapportering og slik må det vera. Me må rapportera for å visa fram kvaliteten.

Vedtak:

Utdanningsutvalget og læringsmiljøutvalget tilrår at kvalitetssystemet for utdanning ved UiS vert godkjent.

KU 08/20 Høyring av UiS Campusplan

ABA-direktør Frode Alvheim hadde ein kort gjennomgang av campusplanen og høyringsnotatet som var lagt ved saka.

Det kom innspel frå StOr om at det er viktig framleis å ha fokus på studentarealet, opne laboratorier og sambruk.

KU 09/20 Høyringsutkastet til ny UH-lov

Utvalseleiar innleia. UiS har gjort nokre val om kva ein vil uttala seg om. Ho ba utvala særleg om kommentarar til utdanning og læringsmiljø.

Utdanningsdirektøren beklaga at denne saka ikkje hadde blitt publisert for utdanningsutvalet, i tillegg til at det var publisert for læringsmiljøutvalet.

Kommentarane frå utvalet handla om karakterskala, ein eller to sensorar og ansiktsdekkjande plagg.

Utvalseleiar ba sakshandsamar om å vurderast korleis kommentarane skal takast med i uttalen frå UiS.

Vedtak:

Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet stiller seg bak høyringssvaret til NOU 2020:3 Ny lov om universiteter og høyskoler (Universitets- og høyskoleloven), med dei kommentarane som kom fram i saka.

KU 10/20 Prolongering av dei sentrale utvala sin periode

Utvalsleiar innleia. Institusjonen vil be begge utvala om å sitja eitt semester lenger, til 31. desember i år. Dette tyder ei prolongering av utvala, men ikkje nødvendigvis av deltaking, sidan t.d. studentrepresentantane vanlegvis er oppnemnde for berre eitt år om gongen.

Vedtak:

- a) Læringsmiljøutvalet tilrår styret å prolongera funksjonstida til 31.12.2020. Utvalet vil konstituera seg med studentrepresentant som leiar i fyrste møtet hausten 2020.
- b) Utdanningsutvalet tilrår rektor å prolongera funksjonstida til 31.12.2020.

KU 11/20 Studentundersøking om internasjonalt studentmiljø ved MEES

Utdanningsdirektøren innleia. Dette er ei internasjonalt samansett studentgruppe. Læringsmiljøretta midler har vore nytta til tiltak i denne gruppa tidlegare men ikkje i år.

Konklusjonen i saka var at det har vore gjort positive erfaringar som kan nyttast i andre studieprogram.

Vedtak:

Utvalet tek presentasjonen til orientering.

KU 12/20 StOr orienterar

Leiar i StOr orienterte kort om val til ny StOr-leiing.

StOr opplever at mange ting kunne vore handtert betre denne våren dersom studentar hadde vore involvert tidlegare på eit lågare nivå. Det er viktig at den nye tillitsvalsordninga blir fylgd opp.

Vedtak:

Utvala tek orienteringa til etterretning.

KU 13/20 Studentombodet orienterar

Studentombodet melde at der var få saker å orientera om. Ho vart tilsett i stillinga like før 12. mars. Før dette var det mange henvendelsar frå studentane, men i tida etterpå har det vore påfallande normalt. Ein del av sakene som studentane kjem til ombodet med, vert truleg generert av at studentane er saman. Saker frå studentane kan auka igjen i haustsemesteret dersom studentane då vil vera meir på campus igjen.

Utdanningsdirektøren la til at det har vore eit stort trykk på lågterskeltilbodet på studenttelefonen. Veileidarane har merka at saker har blitt løyst på eit lågare nivå. Det kan forklara færre saker til studentombodet.

Vedtak:

Utvala tek orienteringa til etterretning.

KU 14/20 Utdanningsdirektøren orienterar

Det har vore rekord av søknad til UiS sine studietilbod i år, både gjennom Samordna opptak, lokalt og internasjonalt opptak.

Institusjonane fekk høve til å søkja om fleire studieplasser. Det vart sendt inn forslag om til saman 402 fleire plasser fordelt på ulike studier.

Studiestarten hausten 2020 blir digital. Det vil vera mulighet for å samla mindre grupper av studentar i undervising på campus.

Mobilitet blir i hovudsak avlyst i 2020. Når det gjeld opptak av internasjonale gradsstudentar, er det ikkje endeleg avgjort.

Det vert rapportert til ECIU University ein gong i månaden. Dei ulike gruppene arbeidar godt.

Det er ikkje bestemt om det introduksjonsseminaret for utvala hausten 2020 skal vera digitalt eller lokalt. Utdanningsdirektøren kjem tilbake til dette.

Utvalsleiar takka utvala, og serleg studentrepresentane i begge utvala for arbeidet dette året, og ynskte lukke til med vidare studier og oppgåver.

Vedtak:

Utvala tek informasjonen til orientering.